

## Protokoll frå styremøte

Møtenummer : 11/2018-2019  
Dato : Måndag 7. oktober  
Klokka : 19.30-21.00  
Stad : Telefon

NAMN	TIL STADES	FORFALL	FRÅVÆR	IKKJE SAK NR:
Sandal, Nils R. (leiar)	X			
Heimdal, Arve (nestleiar)	X			
Helland, Ruth Sølvi	X			
Schøyen, Lilly	X			
Emil Hillestad			X	
1.vara Heien, Ingrid			X	
2.vara Grimseth, Stian			X	
Ryste, Bodil – fungerande org.sjef	X			
Erling Benjaminsen - økonomikonsulent	X			

### Møteplan - neste styremøte:

Fredag 8. november i Myrkdalen

### SAKER :

Sak 41-2018-2019    Protokoll frå førre møte  
Sak 42-2018-2019    Overskytande midlar Sogn og Fjordane idrettskrins  
Sak 43-2018-2019    Budsjett 100-års jubileum Sogn og Fjordane idrettskrins

**Sak 41**            **Protokoll frå førre møte**

**Vedtak:**        Protokollen er godkjend

**Bakgrunn:**    Jfr. protokoll frå idrettskrinsstyremøte nr. 10/2018-2019

### Sak 42      Overskytande midlar Sogn og Fjordane Idrettskrins

**Vedtak:**      Kretsstyret vil legge fram for og innstille til at det ekstraordinære idrettskrinstinget 9.11.19 gjer vedtak om at ein brukar overskytande eigenkapital per 31.12.19 slik:

- 1) kr. 1 000 000 som eingongsutbetaling til Olympiatoppen Vest (kr. 150 000 til gjennomføring av tiltak i fylket), idrettsråd (kr. 200 000 etter fordelingsnøkkel basert på medlemstal per 31.12.18), særkrinsar/regionar (kr. 650 000 etter fordelingsnøkkel basert på tal særidrettsgrupper og aktivitetstal per 31.12.18)
- 2) Opprettar ei stifting der resterande beløp setjast inn (ca kr. 3 500 000).

Saka blir lagt fram for det ekstraordinære idrettskretstinget til Sogn og Fjordane idrettskrins 9.11.19, og gjort kjent i sakspapira 9.10.19.

**Bakgrunn:**    Det vart i førre møte vedtatt at administrasjonen skulle jobbe vidare med ulike løysingar. Arbeidsgruppa vert involvert i dette arbeidet. Sjå vedlegg for framlegg til aktuelle løysingar.

### Sak 43      Godkjenning av budsjett 100-årsjubileum

**Vedtak:**      Teken til orientering

**Bakgrunn:**    I vedtatt budsjett er det ikkje avsett midlar til 100-års jubileum. Budsjett for 100-års jubileum er lagt ved innkallinga og vert presentert i møtet.

  
Bodil Ryste  
Referent